Skuleåret 2024/2025
SU, Orre skule
**Dato:** 08.05.2025
**Deltakarar:** Kenth Magne Åsebø-Trodal (rektor), Elin Grødeland (FAU-leiar) Mari Hatteland (nestleiar FAU), Karen Marie Vold (rep.pedagogar skule), Lise Samuelsen (rep.fagarbeidarar/miljøpersonell skule) og Vegard Bjøberg Snoksrud-Stokland (rep. Kommunestyret).
**Fråfall:**

Saksliste:

| **Sak** | **Referat** | **Ansvar** |
|---|---|---|
| Sak 27 24-25 | **Status skule og læringsmiljø**<br><br>Elevmiljøet ved skulen er prega av trivsel, utvikling og nysgjerrigheit. Det er roleg i gangareala, og elevane er i liten grad ute av opplæringa. Det er også lite uønskt uro i klasseromma, noko som vitnar om eit godt læringsmiljø. Månadens felles PALS-mål for mai er: «Sjå på kvarandre og helse, både på små og store.» Det blir oppmoda til å nytte namn når ein helsar.<br><br>Det stabile og gode arbeidsmiljøet held fram. Alle tilsette melder at dei trivst godt, og sjukefråværet er lågt. Det som finst av fråvær, skuldast hovudsakleg graviditet.<br><br>Når det gjeld budsjett og rekneskap, melder «toppark» at vi per i dag har eit lite, men ikkje dramatisk meirforbruk. Dette tyder at vi framleis ikkje skal tilsette nye personar utanfor organisasjonen. Camilla Lyngstad kjem tilbake frå permisjon 19. mai og vil gå inn som ein ressurs på toppen. Til hausten går både Maren Tveit og Åshild Stensland ut i fødselspermisjon. Det er framleis uavklart om Laila Bacher Byberg kjem tilbake frå si permisjon.<br><br>Avdelingsleiarane Kenneth og Solgunn skal delta på vidareutdanninga «Leiarskap og omstilling» ved BI dei neste to åra. Når det gjeld kompetanseutvikling, har tre barnehagelærarar ved KFK, i tillegg til to andre tilsette, | Rektor |

| | | |
|---|---|---|
| | søkt om vidareutdanning. Vi får ikkje svar på dette før i juli månad, noko som påverk totalen og kabalen for 2025/2026. Neste skuleår er førebels uavklart, grunna fleire faktorar. Vi informerer så snart alt er på plass – dette vil uansett skje før sommarferien. Dette gjeld både kontaktlærarar og romfordeling. Noko er likevel klart: Mona blir kontaktlærar på 1. trinn, og vi søker stabilitet og kontinuitet i mellom anna årets 5. og 6. klasse.<br><br>Lesson Study blir gjennomført i inneverande periode og vil bli vidareført neste skuleår. Denne arbeidsmodellen vil også inngå i det vidare arbeidet med profesjonsfellesskapet (PiP, UiS, vert med oss i dette arbeidet).<br><br>Framover står fleire viktige oppgåver på planen. Utviklingsplanen skal ferdigstillast, årshjulet for profesjonslæring (PLF) skal leggast, planleggingsdagane skal organiserast, og det skal arbeidast med ROS-analyse. I tillegg skal heimesida oppdaterast, årets læreplanmål skal avsluttast, og anna praktisk arbeid må ferdigstillast.<br><br>Avslutningsvis minner vi om at det blir øvetog 16. mai. 7. trinn har avslutningsfest siste veka før skuleslutt, og måndag i siste skuletime blir det fotballkamp mellom elevane og dei tilsette. | |
| Sak 28 24-25 | **Status skule og læringsmiljø v. tilsette**<br><br>Pedagogar: Pedagogene ved Orre skule opplever høy trivsel og et arbeidsmiljø preget av trygghet, samarbeid og omsorg. Her strekker kollegaene seg langt for å hjelpe hverandre, og det er en sterk fellesskapsfølelse på tvers av trinn og fag. Alle deler en felles tanke om at alle elever er *våre* elever, og dette fellesskapet skaper et inkluderende og støttende læringsmiljø for både elever og ansatte.<br><br>Elevgruppa beskrives som positiv, lærevillig og engasjert, noe som bidrar til en givende arbeidshverdag. Pedagogene er svært fornøyde med ledelsen, som oppleves som fremoverlent, lyttende og opptatt av å skape gode rammer for både ansatte og elever. Ledelsen viser tillit til de ansatte og legger til rette for utvikling og medvirkning. | Karen Marie Vold<br>Lise Samuelsen |

| | | |
|---|---|---|
| | Samtidig er det en spenning knyttet til personalkabalen for neste skoleår, og mange ser fram til å få oversikt over bemanningen og fordelingene videre. Likevel står optimismen sterkt, og fellesskapet ved Orre skule gir trygghet for veien videre.<br><br>Andre tilsette: Trives veldig godt. Opplever godt arbeidsmiljø, bra samabeid med både pedagogar og ledelse. Har den siste tiden opplevd å få mer spesifike oppgaver i timene, noe som oppleves veldig bra. Veldig godt med miljøteam møter annenhver uke. | |
| Sak 29 24-25 | **Status v. FAU**<br>Dette året har oppleves kjekt. Godt å få innblikk i hvordan det er i hverdagen på skolen. Godt at man slo ned på utfordringer som blomstret på de eldre trinnene i vår. Positivt opplevelse av oppmøte i FAU. De som er med er engasjerte og deltakende og kommer på møtene. | Elin Grødeland<br>Mari Hatteland |
| Sak 30 24-25 | **Frå politisk representant**<br>Til neste år skal skulebruksplanen bli revidert. Politisk representant har laget dikt om Orre skule. | Vegard Bjøberg Snoksrud-Stokland |
| Sak 31 24-25 | **Avvikle kommunalt FAU**<br>- Sak til høring<br>    ○ Ingen merknader. | SU |
| Sak 32 24-25 | **Evaluering av årets SU- arbeid**<br>- Evaluering av årets møter/innhald<br>- Behov for endringar, herunder innhald, i organisering og/eller antall møter<br>    ○ Veldig kjekt når barna er med. Kjekt med info og innsyn.<br>    ○ Jillt med innblikk.<br>    ○ Anbefaler at man gjør likt til neste år. | SU |
| Sak 33 24-25 | **Neste års SU Orre skule**<br>- Nye rep. Til neste år SU Orre skule<br>    ○ Rektor, politisk representant, representant for pedagoger vil være med neste år. | SU |
| Eventuelt/anna | | |

Referent: Karen Marie Vold

Med blikk for alle